



Arkivnr: 2014/15084-7

Saksbehandlar: Stanley Hauge

Saksframlegg

Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Årsmeldinga gjev oversyn over Hordaland fylkeskommune sin aktivitet gjennom året og rekneskapen for 2017.

Driftsrekneskapen for 2017 vart gjort opp med eit overskot på 107,1 mill. kr. Dette er oppnådd gjennom stram økonomistyring i heile organisasjonen. Dei fleste sektorane hadde innsparinger i høve til budsjettet, og ingen hadde store overskridinger.

Netto driftsresultat gjekk ned frå 2,9 % i 2016 til 2,0 %. Fylkeskommunen har dermed framleis avgrensa handlingsrom og lita evne til å tolka svingingar i økonomien. Den samla lånegjelda var ved utgangen av 2017 på 10,6 milliardar kroner. Fylkeskommunen er i ein krevjande økonomisk situasjon og må prioritera grundig i aktivitetar og tenestetilbod dei komande åra.

Økonomi: Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

Klima: Årsmeldinga føreligg elektronisk, vert ikkje laga i trykt utgåve.

Folkehelse: Ingen effekt.

Regional planstrategi: Ingen verknader.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg 1: [Årsmelding 2016 Hordaland fylkeskommune](#)

Fylkesrådmannen, 30.04.2018

Årsmeldinga for 2017 gjev eit samla økonomisk oversyn over drift og investeringar og utfyllande omtale av aktivitetar i kvar sektor.

Driftsrekneskapen for 2017 vart gjort opp med eit overskot på 107,1 mill. kr. Dette er oppnådd gjennom stram økonomistyring i heile organisasjonen. Dei fleste sektorane hadde innsparinger i høve til budsjettet, og ingen hadde store overskridinger.

Det har gjennom fleire år vore arbeidd systematisk med å snu den underliggende negative driftsutviklinga og resultatet for 2017 viser at fylkeskommunen er på god veg. Særleg gledeleg er det at både opplærings- og samferdselssektoren, som til saman står for rundt 80 prosent av drifta, no leverer positive resultat.

Driftsutgiftene auka med 3,7 % frå 2016 til 2017. Fylkeskommunen sine samla brutto driftsutgifter i 2017 var på 8 014,1 mill. kr. Driftsinntektene auka med 3,3 % til 8 904,3 mill. kr. At driftsutgiftene auka meir enn driftsinntektene kan sjåast i samanheng med at det netto er brukt 64,3 mill. kr av fondsmidlar i drifta i 2017.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune gjekk ned frå 248,3 mill. kr (2,9 %) i 2016 til 174,1 (2,0 %) i 2017. Førebelse tal for landet viser ein nedgang i gjennomsnittleg netto driftsresultat frå 5,0 % til 4,3 %.

Skatteinntektene hadde ei relativt svak utvikling i Hordaland i 2017, og auka med berre 0,3 %. På landsbasis var auken 3,1 % for fylkeskommunane. Gjennom inntektssystemet vert 87,5 % av variasjonen mellom fylkeskommunane jamna ut. Dette redda Hordaland i 2017, slik at summen av skatt og inntektsutjamning vart 16 mill. kr høgare enn budsjettet.

Fylkeskommunen investerte i 2017 for 2 357,7 mill. kr. Investeringane var nesten ein milliard kroner lågare enn i 2016, og nesten 1,6 mrd. kr lågare enn den rekordhøge summen på over 4,1 mrd. kr i 2015. Det er først og fremst investeringane til bybaneutbygginga som har gått ned dei to siste åra.

I 2017 vart det investert for 1 750 mill. kr til samferdselsføremål og 552 mill. kr innan opplæringssektoren.

Lån er viktigaste finansieringskjelda for investeringane med 1 159 mill. kr. Bompengar stod for 480 mill. kr. Det vart nytta 131 mill. kr i driftsmidlar til investeringar.

Ved siste årsskifte hadde fylkeskommunen si gjeld passert 10,6 mrd. kr. Netto gjeldsgrad utgjorde ved årsskiftet 113,4 % av driftsinntektene, mot 109,2 % eit år tidlegare. I 2017 betalte fylkeskommunen 509 mill. kr i avdrag på lån og netto renteutgifter var på 207,1 mill. kr. Summen til avdrag var 67 mill. kr høgare enn i 2016 og netto renteutgifter auka med 18 mill. kr.

Ved utgangen av 2017 hadde Hordaland fylkeskommune disposisjonsfond på 221 mill. kr, litt opp frå 199 mill. kr året før.

Dei neste åra tek fylkeskommunen ytterlegare krafttak for klima og miljø både gjennom vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen og ved at nye elektriske ferjer vert sette i drift. Det grøne skiftet er likevel ikkje gratis: Dei nye ferjekontraktane medfører sterke auke i både drifts- og investeringskostnadene. Inntektsveksten fylkeskommunen kan rekne med i åra framover, vil langt frå vere tilstrekkeleg til å makte dette løftet. Knappe økonomiske rammer gjer at vi må prioritere endå tydelegare.

Tydelegare kopling budsjett og resultat

I arbeidet med å tilpasse aktivitetsnivået til dei økonomiske rammene, legg fylkesrådmannen vekt på å sikre ei tydelegare kopling mellom budsjett og resultat gjennom ein overordna modell for målstyring. Modellen tek utgangspunkt i verksemestrategien, som er tufta på regional planstrategi for utvikling av Hordaland dei kommande åra. Første versjon av denne modellen går fram av årets årsmelding, der kvar avdeling rapporterer oppnådde resultat i høve dei aktivitetane som vart prioriterte i budsjettet for 2017. Allereie i budsjettet for 2018 er dette utvikla vidare ved at vi gjer det synleg kva overordna mål den einskilde avdeling

arbeider for, kva tiltak som vert prioriterte i budsjettet og kva resultatmål som er fastsett for heile økonomiplanperioden.

Aktivitetar og resultat 2017

Fylkeskommunen har lagt bak seg eit nytt godt arbeidsår i 2017. Hordaland fylkeskommune har vore pådrivar innan mange område, både ute i hordalandssamfunnet, internt i eigen organisasjon og i samband med regionreforma. Her vil fylkesrådmannen kort trekkja fram nokre moment i årsmeldinga:

- Kollektivtrafikken hadde eit nytt år med solid vekst. Talet påstigande passasjerar auka med om lag fem prosent til ca. 70 millionar.
- Bybanen til Bergen Lufthamn vart opna.
- Gjennomføringa av kollektivtrafikken under Sykkel-VM i Bergen vart ein suksess.
- Byvekstavtalen mellom Staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vart signert 1. september. Målet er nullvekst i transportmengde.
- Systematisk arbeid for å få fleire unge til å fullføra vidaregåande skule eller læretid i bedrift gjev resultat. Totalt er det ein nedgang i prosentdel sluttarar frå 15,3 % for 2010-kullet til 13,3 % for 2011-kullet.
- Nybygget til nye Voss gymnas vart teke i bruk.
- Talet på løpende lærlingkontraktar er på om lag 4 900.
- Fylkeskommunen fordelte 124 mill. kr i spelemedilar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
- Hordaland Teater flytta frå Stend til nye lokale i Logen i Bergen sentrum.
- Askøy fekk ny tannklinikk til 22 mill. kr på Kleppestø.
- 83,7 % av born på 5 år har feilfrie tenner i 2017, medan talet i 2002 var 55,8 %.
- Sjukefråværet i fylkeskommunen var på 5,69 %, ein liten nedgang frå 5,97 % i 2016.
- Talet på tilsette var nærmast uendra frå 2016 til 2017, og var ved årsskiftet på knapt 4 400.
- Alle kommunar i Hordaland, med unnatak av Fedje, fekk hurtigladarar for elbilar.
- Når dei nye kontraktane for dei 17 ferjesambanda i fylket kjem i drift innan 2020 har operatørane forplikta seg til å redusera CO₂-utsleppa med 90 %.
- 17. januar 2017 vart intensjonsavtalen om samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar undertekna. Stortinget vedtok samanslåinga 8. juni 2017 som ein del av regionreforma.

Meir om aktivitet og rekneskap

For andre resultat og omtale av viktige aktivitetar i Hordaland fylkeskommune viser fylkesrådmannen til den fullstendige årsmeldinga som er lagt ved denne saka. Sjølvre årsrekneskapen for 2017 med revisjonsmelding vert lagt fram i eiga sak til fylkestinget i juni.

Fylkeskommunen si årsmelding for 2017 føreligg berre elektronisk, som pdf-fil (vedlagt), og ho kan lesast på nettsidene våre.